

MANGE SVENSKAR PÅ EID

Svenskane var møtt fram i eit tal på nærare 50 til sjået på Eid, men undervegs vart dei tekne i vektkontroll på Lillehammer og måtte lessa noko av bagasjen over i ein leigebil for å få halda fram turen til overnattingsstaden som var Hornindal. Ved festmiddagen sa den svenske formannen, Daniel Aronius (vesle-Daniel) at også i Sverige er hesten kultur.

Fjordhesten har ein «nisje». Ein framifrå køyrehest, men også ridehest.

Ei busslast med svenskar pluss eit par personbilar med svenske hestevener var tilstades her på Eid i dag, fortalde Aronius, som overrekte gåve til Nordfjord Fjordhestlag.

Landskonsulent Henning Rasmussen frå Danmark helsa derfrå og til-delte Arve Rolstad medalje frå den danske fjordhestforeninga.

Over 20 representantar frå USA var til stades. Nancy Clow og Janice Ashpole overrekte Hegdal eit vakkert målarstykke, samansett av ti ulike tresortar frå mange kantar av verda.

STORT SAL AV 3-ÅRSHINGSTAR PÅ EID

Det var kring 100 utanlandske gjester på Nordfjordeid ved statssjået og ein del av desse var på jakt etter brukande emne. Ein gamal kjenning, Phil Prichard frå Vermont var stadig på utkik, men han var no interessert i hingstar av grå let. Stambokfører B. J. von Bon var der med vaktande augo, og no er det klart at han på vegne av den hollandske staten har fått hand om Haugeblakken 1875, han var og på utkik etter Rasken som stod i Rosendal. Eit førebels oversyn hadde som status at av 16 premiere 3-års hingstar, vart 9 selde.

Spissen blant treårshingstane på Eid, Holar, vart seld til Nordfj. Fjordhestlag for 35.000 kroner i fjor, under føresetnad av at den vart premiært i år. Dei fleste av treåringane som skifta eigar på Eid denne gongen, var førehandsselde.

Ivar Os og Kasper Hjelle selde Ørstar til Førde Fjordhestlag for 30.000 kroner. Eldar vart seld av Einar K. Bruland og Reidun Hovland til Stord for 33.000 kroner.

Einar K. og Kato Bruland selde Bjerger til Nordhordland for 30.000. Håkon Vereide og Per I. Langeland selde Lindkvist til Dale og Hyllestad Fjordhestlag for 33.000.

Faunar til Hjalmar Erdal, Lidvar Helgås og Odd Drageset vert leigd ut til Statens hesteavlsetter denne sesongen. Til hausten går den til Danmark, for ca. 25.000 kroner.

Sverre Tømmerbakk i Ørsta selde Halstor til Nederland for 20.000 kr. Frå Canada er det vist stor interesse for Jolly Jumper, som Sverre Mulen, Førde, eig.

Arne Hjelmeland, Dimmelsvik, og Rasmus Bjørkedal, Folkestadbygd, har selt Eiken til Kvinnherad.

Amerikanske interesser skal elles kjøpa ein del norske merrar.

Til Frankrike er det selt ein 3-åring.

På Eid var det også gjester heilt frå Alaska i år.

FÅ BETALTE INNGANGSBILLETT PÅ EID

Det var mange tal ute og gjekk om publikumstalet på avslutninga på Eid, men formannen, Jon Hegdal, trudde talet var 5.000 — 6.000. Bjørn Fløtre kunne elles fortelja at selde billetter dei to dagane stogg på kring 1.000. Mellom dei som kjøpte billetter vart det trekt ut ein ridesal, og den heldige vinnaren vart Knut Løken.



10 nasjonar på Eid. (Foto: K. Enstad)